



Arkiv nr:

Sak nr 17/2017


Møtedato: 29.8.17

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

S847, Kvålsstølen – søknad om brønn og kabelgrøft

Knut Storhaug søker om å få etablere brønn og kabelgrøft fram til stølen sin på Kvålsstølen. Plassering går fram av vedlagt kartskisse.



1: Brønn 2: Tilkopling straum

Brønn og del av kabelgrøft nord for veg går på areal som er vist ut til beite i sak 37/12. Tiltaket vil derfor ikkje vera til ulempe for anna bruksinteresser.

Tiltaket er å rekne som grunnDisponering etter §12 i fjellova. Tiltak blir avgjort av Statskog etter uttale frå fjellstyret.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret tilrår at Storhaug får løyve til å etablere brønn og kabelgrøft i samsvar med søknad.

Vedtak:

Fjellstyret tilrår at Storhaug får løyve til å etablere brønn og kabelgrøft i samsvar med søknad.

Vedtaket er einstemmig.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 29.8.17

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Knut Storhaug
Statskog
Vestre Slidre kommune